

Oransje varsel for høg vasstand.

13.01.2020



Sist vi hadde svært høg vasstand var i januar 2017. Bilete er frå Stølavikjo (Arkivfoto).

Det er varsla svært høg vasstand dei to neste dagane. Det vert rekna som oransje varsel. Då er situasjonen alvorleg. Difor må alle sjå etter om det er lause gjenstandar i strandsona. Det same gjeld for det som ikkje er fastbunde i naust og sjøhus. For dei som har båt på sjø, bør sjå etter om fortøyningane er gode. Høg flo kan gå opp mot ein meter over det som er vanleg.

Oversikten for tidevatn her på nettsida har sitt utgangspunkt i Bergen.

Flo:

Tysdag 14. januar: kl. 01.11 og kl. 13.26

Onsdag 15. januar: kl. 02.01 og kl. 14.15

Det næraste for Kvinnherad er å sjå til Leirvik. Nøyaktig tid er + 10 minutt.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal